

*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VURDERINGSRAPPORT FOR SEKSE BARNEHAGE



Vurderingstema:

“Personalet syner respekt for borna sin leik og er aktive i lag med dei”.

Sekse barnehage, Ullensvang
styrar, Marianne Meling, tlf.: 53661942/ 46966557
E-mail: marianne.meling@ullensvang.herad.no

Dato for vurdering : 31.10- 03.11.2011

Innholdsliste

1 Føreord	3
1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling	3
1.2 Kven vurderar?	3
1.3 Fasar i vurderingsarbeidet	3
1.4 Mål	4
1.5 Rapporten	4
1.6 Barnehagevurdering	4
2. Fakta om barnehagen	4
3. Vurderingstema	5
6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet	10
Konklusjon:	13
7. Vidare arbeid	13
Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga	14
Vedlegg 2 - Tidsbruk	14
Vedlegg 3 - Tidsplan	15
Vedlegg 4 – Metodar	17
Dokument- og resultatanalyse	17
Kriterium og teikn på god praksis	17
Førebuing av barna	17
Samtaleguidar	17
Møte med føresette	17
Møte med styrar	18
Observasjon	18
Vedlegg 5 – Dette sa barna	19
Vedlegg 6 – Dette sa føresette	20
Vedlegg 7 – Dette sa dei tilsette	21

1 Føreord

1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Gruppa utvikla metodikken som vert kalla "*Hardanger/Voss vurderingsmetodikk*".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "*Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.*"

Vidare: "*Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.*"

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

1.2 Kven vurderar?

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

1.3 Fasar i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar

- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane, førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført
- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.

1.4 Mål

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

1.5 Rapporten

Vurderarane skriv rapport om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten trekker fram verksemnda sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Den gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er eit ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

1.6 Barnehagevurdering



2. Fakta om barnehagen

Sekse barnehage er ein kommunal barnehage som vart bygd som ein-avdelings barnehage for barn i alderen 3 – 6 år i 1987. Barnehagen er seinare utvida og har i desse dagar 33 plassar for barn i aldersgruppa 10 månadar til 6 år.

Barnehagen ligg på austsida av Sørfjorden i Ullensvang herad med flott utsikt over fjorden og tilgang til flott natur!

Naturen nyttar barnehagen aktivt både som friluftsområde med friluftaktivitetar, naturvern og fokus på samspelet i naturen. Barna får erfaringar med og kunnskap om dyr og vekstar, og naturen si rolle i matproduksjonen. Barnehagen sitt nærområde er prega av gardsdrift, og dei er ofte på gardsbesøk. Sekse barnehage legg stor vekt på fagområdet "Natur, miljø og teknikk", i tillegg satsar dei særskilt på fagområdet "Kommunikasjon, språk og tekst" og jobbar målretta med barna si språklege utvikling i eit heilskapleg perspektiv.

Barnehagen ligg ved Sekse skule. Dei samarbeider godt og saman utgjer dei Sekse oppvekstsenter.

3. Vurderingstema

Sekse barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

"Personalet syner respekt for borna sin leik og er aktive i lag med dei".

Dette har personalet kome fram til etter å ha teke ståstadsanalysen. Denne drøfta dei i personalgruppa, og saman kom dei fram til at det var dette temaet dei ville verta vurderte på. Eigar har ikkje gitt føringar for val av tema.

4 – Glansbilete



Tema: Personalet syner respekt for borna sin leik og er aktive i lag med dei

Kriterium	Teikn på god praksis
Kriterium 1 Alle borna får gode erfaringar og ei oppleving av å meistre samspelet med andre born i leik Rammeplan for barnehage, 2011 s.32	<ul style="list-style-type: none">❖ Borna får bruke fantasien og kreativiteten sin og får oppleva skaparglede❖ Barna får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar i nærmiljøet (Rammeplan s.32)❖ Leiken skapar god samhandling mellom born og personale, og mellom borna
Kriterium 2 Personalet møter borna på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet gjev tid og rom for leik❖ Personalet deltek aktivt i leiken❖ Personalet støttar, inspirerer og oppmuntrar borna i leiken
Kriterium 3 Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ta vare på borna sine behov for omsorg og leik	<ul style="list-style-type: none">❖ Føresette opplever at personalet er aktive saman med borna i leiken❖ Det fysiske miljøet innbyr til leik og meningsfylte opplevingar og aktivitetar❖ Barn som ikkje deltek i leik får hjelp og oppfølging til å meistra samspelet❖ Borna sin leik og utvikling er tema i samtalar mellom barnehage og heim
Kriterium 4 Barnehagen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet har kunnskap om utvikling og læring som skjer gjennom ulike former for leik❖ Personalet reflekterer systematisk over eigne verdiar og handlingar i høve borna sin leik❖ Personalet og borna sine opplevingar og erfaringar i høve leiken syner att i planlegging, gjennomføring og vurdering

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå lov om barnehage, rammeplan for barnehage, regelverk og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokumenta som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av barnehagen.

5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium 1

Alle borna får gode erfaringar og ei oppleving av å mestre samspelet med andre born i leik (Rammeplan for barnehage, 2011 s.32)

- ❖ **Borna får bruke fantasien og kreativiteten sin og får oppleva skaparglede**
Borna fortel om ting dei har laga i barnehagen. Eit par born fortel svært detaljert både med ord og rørsler.

Personalet meiner dei legg til rette for formingsaktivitetar og rolleleik, og at slike situasjonar vert betre å få til når borna er i mindre grupper.

Vurderarane får inntrykk av måten borna fortel om dette på at dei tykkjer det er kjekt med formingsaktivitetar.

- ❖ **Barna får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar i nærmiljøet** (Rammeplan s.32)
I barneintervjua fortel borna om opplevingar på turane. Kaptein Sabeltann leikar dei både i barnehagen og på turar.

Personalet fortel at borna tek med seg opplevingar og gjenstandar frå turar og leikar vidare i barnehagen.

- ❖ **Leiken skapar god samhandling mellom born og personale, og mellom borna**
Borna seier at dei likar å leika med dei andre borna, og at dei har det kjekt i barnehagen. Dei seier også at det er kjekt når dei vaksne er med og leikar.

Personalet er medvitne på at leiken er viktig som samhandlingsarena, og at ved å delta i leiken vert dei godt kjende med borna. Dette verkar inn på samhandlinga i alle situasjonar gjennom barnehagedagen.

- ☺ *Det er tydeleg at i Sekse barnehage trivst både born og personale. Me opplevde lite konflikter mellom borna, og lite "grensesetjing" frå personalet. Det verka som at dei å vera i forkant og fokusera på det positive er ein innarbeidd tenkjemåte*

Kriterium 2

Personalet møter borna på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru

- ❖ **Personalet deltek aktivt i leiken**
Borna seier at dei likar at dei vaksne leikar, og at dei trur dei vaksne likar det og!

Personalet ser at borna leikar lengre og at fleire vert med når dei vaksne er i leik saman med dei.

Stort sett var det personale i leik i alle romma før gruppeaktivitetane starta på morgonen. Personalet var gjennomgåande til stades i borna sin leik.

❖ **Personalet støttar, inspirerer og oppmuntrar borna i leiken**

Borna fortel at dei vaksne hjelper dei om noko er vanskeleg i leiken, og då er det samhandlingssituasjonar dei nemner. Dei seier og at det er mest borna som bestemmer når dei vaksne er med.

Personalet seier at dei støttar borna i leiken både med tanke på læring, samhandling og fantasi.

☺ *I Sekse barnehage såg me eit personale som møter borna med smil, varme og humor. Gjennomgåande er dei fokusert til stades i samværet med borna. Vurderarane såg eit personale som var positive til borna sin leik, og som vart inviterte til leik av borna. Dei snakka med borna om det dei gjer i leiken, og fylgjer opp innspel frå dei. Dette er godt samsvar med ein av verdiane dei har beskrevet i verksemdsplanen for barnehagen.*

Kriterium 3

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ta vare på barna sine behov for omsorg og leik

❖ **Føresette opplever at personalet er aktive saman med borna i leiken**

Personalet meiner at dei synleggjer dette for foreldra i vekereferat og ved levering og henting. Då tek dei gjerne også barnet med i samtalen.

❖ **Det fysiske miljøet innbyr til leik og meningsfylte opplevingar og aktivitetar**

Dei føresette seier at innemiljøet er blitt veldig bra etter oppussing, og at det er svært positivt at barnehagen brukar nærområdet mykje.

Også personalet vektlegg at det er bra inne, og at dei har mykje flott utstyr og materiell.

Vurderarane såg ljose og trivelege, lokale prega av ein medviten bruk av rom og materiell. Innreiing og utsmykking gav inntrykk av kreativitet og verdsetjing av borna sine interesser og uttrykk.

❖ **Barn som ikkje deltek i leik får hjelp og oppfylging til å meistra samspelet**

Borna fortel at personalet trøystar og hjelper dei om det er noko som er vanskeleg, og at dei hjelper til om nokon ikkje får vera med å leika.

Foreldre meiner at personalet er gode på å sjå det enkelte barn, slik at ikkje nokon fell utanfor.

Personalet seier at dei er merksame på det og er blitt flinkare til det. Dei er medvitne på setja inn tiltak tidleg. Dei erfarar og at ved å gjera leiken attraktiv med eitt barn vert det interessant for andre born å koma inn.

- ❖ **Borna sin leik og utvikling er tema i samtalar mellom barnehage og heim**
Foreldra seier at dette er tema både i daglege samtalar og foreldresamtalar. Dei seier at foreldresamtalane i barnehagen er gode, og at det er flott at det vert laga referat frå desse samtalane.

Personalet meiner at det er bra i dei planlagde samtalane, og at også vekereferata gir informasjon om borna sin leik.

Vurderarane ser at ulike former for leik vert beskrive i dei vekereferata me har lese

- ☺ *Vurderarane fekk ei biletet av at det var ein open kontakt med foreldra. Personalet var medvitne på og hadde ein gjennomtenkt struktur på å følgja opp born med som treng ekstra oppfølging, og at dei var i ein open dialog med foreldra om det.*

Kriterium 4

Barnehagen er ein lærande organisasjon

- ❖ **Personalet har kunnskap om utvikling og læring som skjer gjennom ulike former for leik**
Personalet er tydelege på at dette har dei både kunnskap om og praktiserar i det daglege.
- ❖ **Personalet reflekterer systematisk over eigne verdiar og haldningar i høve borna sin leik**
Personalet seier dei har hatt det som tema, og at dei er gode på det, særleg i høve born med spesielle behov.
- ❖ **Personalet og borna sine opplevingar og erfaringar i høve leiken syner att i planlegging, gjennomføring og vurdering**
To av borna har vore med og søkt om midlar til tiltak på uteområdet. Dei uttrykte ei klar oppleving av at dei kan sei til styrar kva dei ynskjer, så skriv ho det "på dataen", og det fører til noko.

Personalet meiner at dei er gode på dette. Dei er lydhøyre for det som kjem spontant, har barnemøte med dei eldste, og "les" og observerar særleg dei minste sine uttrykk for interesser og behov. Denne informasjonen tek dei med seg i planlegging for heile barnehagen, og i aktivitetar som den enkelte i personalet har ansvar for.

- ☺ *Vurderarane ser og høyrer eit personale som arbeider medvite og systematisk med tanke på læring og utvikling. Dette er synleg både i overordna planar, detaljplanar og oppslag for personalet på strategiske stader i barnehagelokala.*

Sekse barnehage viser god kvalitet i dei gjer. Barnehagen har eit personale som er engasjert, positivt og samstemt. Dei har ein kultur for å arbeida medvite og strukturert. Dei har eit tydeleg fokus på læring og utvikling i arbeidet med borna, og i det falglege miljøet blant personalet i barnehagen.

6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium 1:

Alle borna får gode erfaringar og ei oppleving av å meistre samspelet med andre born i leik (Rammeplan for barnehage, 2011 s.32)

❖ **Borna får bruke fantasien og kreativiteten sin og får oppleva skaparglede**
I intervju sa fleire av borna at dei ikkje visste kva det vil seie å fantasera. Dei gav uttrykk for at dei sakna snekkarbua.

Personalet seier at kvardagen er travel og at dei kan verta betre på å gje borna gode erfaringar slik at dei får ei god oppleving av å meistre samspelet med andre born i leik. Dei ynskjer å verta meir spontane i kvardagen og prioritera leiken i tillegg til, og i lag med vaksenstyrte aktivitetar.

Uteområdet er lite og mangelfullt utstyrt. Personalet meiner dette gjer det vanskeleg å fylgja opp borna sin kreativitet ute.

❖ **Barna får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar i nærmiljøet** (Rammeplan s.32)

Ikkje alle borna likar å gå på tur. Dei vil heller vera i barnehagen. Fleire synes det er kjedeleg å plukka blad og naturmateriale. Eit barn sa: "Koffor måtte dei vaksne fylgja oss på sånn tur"?

Borna gjev ikkje uttrykk for at dei leikar det same i barnehagen som dei gjer på tur.

Vurderarane observerte ved fleire høve at borna var opptekne i leik før dei skulle på tur. Dette meiner me kan vera ein årsak til at dei ikkje vil vera med, fordi dei då vert avbrotne i den leiken som allereie er etablert før turen.

❖ **Leiken skapar god samhandling mellom born og personale, og mellom borna**

Personalet seier dei ikkje er gode nok på dette og at dei lyt bli betre på å sjå dei borna som ikkje tek initiativ til samhandling.

Dette stemmer overeins med det borna seier. Borna seier i intervju at dei vaksne nesten berre er med babyane og leikar. Dei oppfattar at det er babyane som bestemmer når dei er med i leiken.

Fleire av borna gjev uttrykk for i intervju at vaksne ikkje er med i leiken. "Når eg leikar med klossar, gjer dei noko anna".

Kriterium 2:

Personalet møter borna på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru

❖ Personalet gjev tid og rom for leik

Personalet seier at både frileik og aktivitetar ofte er styrt av dei vaksne, særleg inne. Når det vert for mykje lyd inne tek ein borna med ut. Slik vert leiken stadig avbroten.

Dette stemmer overeins med det vurderarane såg. Vurderarane observerte ved fleire høve at leiken vart avbroten på grunn av tilrettelagde aktivitetar: Musikksamling, tur, språkgrupper mm.

Ein årsak til avbrota meiner vurderarane er støynivået inne i barnehagen. Det er ikkje lydisolerande materiale, noko som gjer romma dårleg eigna til leik der mange born er samla på ein gong. Dette gjer at ein deler borna inn i mindre grupper for å unngå støynivået. (Observasjon)

Personalet seier vidare at dei lyt verta betre på å fordela seg ute og inne på ettermiddagen og gje rom for at borna kan leika inne i mindre grupper, sjølv om det på denne tida er mindre bemanning.

Vurderarane opplevde ved fleire høve at borna ytra ynskje om å vera inne på ettermiddagen. Særskilt etter at dei hadde vore på tur. (Sjå observasjon...)

❖ Personalet deltek aktivt i leiken

Som nemnd tidlegare seier nokon born at dei vaksne sjeldan er med og leikar. " Dei leikar aldri med meg".

Vidare seier borna at når dei er på tur kan dei ikkje gå så langt vekk at dei vaksne ikkje ser dei.

Dette samsvarar med det personalet seier. Dei meiner dei kan verta meir aktive og at dei har lett for å stå utanfor og passa på.

Personalet kjenner på at dei vert avbrotne i leik av andre vaksne og at ein lyt prøva å hindra at dette skjer for ofte.

❖ Personalet støttar, inspirerar og oppmuntrar borna i leiken

Personalet seier at dei kan verta meir deltakande.

Kriterium 3:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ta vare på barna sine behov for omsorg og leik

❖ Føresette opplever at personalet er aktive saman med borna i leiken

Personalet synes det er vanskeleg å svara på dette, ettersom det berre er ved hente og bringesituasjonen foreldre har høve til å sjå personalet sin aktivitet ilag med borna. Dei seier vidare at dei trur foreldra ser kaos på ettermiddagen med trøytte born og mindre personale.

Foreldre seier at personalet kan fordela seg betre ute. Dei har inntrykk av at dei deltek meir inne enn ute.

❖ **Det fysiske miljøet innbyr til lek og meningsfylte opplevingar og aktivitetar**

Både borna, foreldra og personalet meiner at det fysiske miljøet ute ikkje er godt nok. Borna saknar snikkarbua og dei ynskjer ein Gråtass.

Personalet seier dei lyt vera kreative og reflektera over om dei skal ta inn att meir utstyr til til dømes rolleleiken.

Når det gjeld rolleleik observerte vurderarane at kjøkenkroken var svært liten og dårleg utstyrt.

❖ **Barn som ikkje deltek i lek får hjelp og oppfylging til å meistra samspelet**
Personalet seier at dei kan verta betre.

❖ **Borna sin lek og utvikling er tema i samtalar mellom barnehage og heim**
Personalet seier at dei veit at enkelte foreldre ynskjer meir informasjon når dei hentar borna, medan andre ikkje gjev seg tid til ein prat på ettermiddagen.

Foreldre gjev uttrykk for at dei ynskjer meir tilbakemelding om kva borna har gjort i løpet av dagen. Tilbakemeldinga ynskjer dei både munnleg og i form av til dømes bilete som syner noko om kva borna har opplevd.

Vurderarane såg at dette er noko barnehagen kan gje større plass. Dei såg ingen dokumentasjon som syner "dagen idag".

Slik vurderarane ser det kan leiken dokumenterast på same måte som barnehagen gjer det med ulike tema barnehagen har arbeidd med.

Kriterium 4:

Barnehagen er ein lærande organisasjon

❖ **Personalet har kunnskap om utvikling og læring som skjer gjennom ulike former for lek**

Personalet seier at dei kan reflektera meir systematisk over det som skjer i barnehagekvardagen og over måtene dei gjer det på.

Vurderarane har inntrykk av at fokuset på læring står sterkt i barnehagen. Dette kan me blant anna sjå av vekeplanen. Denne inneheld ei mengd aktivitetar som borna skal inno i løpet av ei veke; Språkgruppe, sosial kompetanse, musikksamlingar, kultur og miljøvern, lesegruppe. Vurderarane opplevde at dette førte til at leiken ofte vart avbroten.

Nokon i foreldregruppa syntes derimot at barnehagen skulle ha enda meir fokus på læring. Istaden for til dømes å bruka så mykje tid i sandkassa kunne dei heller hatt planlagde aktivitetar der borna lærte noko.

Vurderarane meiner at foreldre sin haldning til lek er noko barnehagen bør prøva å endra ved til dømes å dokumentera lek i kvardagen ved hjelp av bilete som syner kva læring som er i leiken.

- ❖ **Personalet reflekterer systematisk over egne verdiar og haldningar i høve borna sin leik**

Personalet seier dei kan arbeida meir systematisk når det gjeld å reflektera over egne verdiar og haldningar og til å dokumentera refleksjonane.

- ❖ **Personalet og borna sine opplevingar og erfaringar i høve leiken syner att i planlegging, gjennomføring og vurdering**

Personalet seier at borna sine opplevingar og erfaringar er laga av ei ramme som dei vaksne definerar.

Konklusjon:

Etter tre dagar i Sekse barnehage, ser vurderarane at det særskilt er eitt teikn på god praksis barnehagen bør setja fokus på og gjera til eit utviklingsområde:

- ❖ ***Personalet gjev tid og rom for leik***

Me vil oppfordra dykk til å sjå i verksemdsplanen dykkar og reflektera rundt korleis de kan oppnå alle dei gode måla som står der.

7. Vidare arbeid



6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad, dato

Namn vurderar

Namn vurderar

Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga

- Interne: personalet i barnehagen, borna og foreldra
- Eksterne: Ingen

Med dette vurderingstema har det ikkje vore relevant å bruka eksterne deltakarar

Vedlegg 2 - Tidsbruk

Det har vore avsett 4 dagar til å vurdera i barnehagen. Planlegging av og avklaringar rundt vurderinga har vore mellom vurderarane og styrar, per telefon og e-post. Under sjølve vurderinga, var vurderarane i barnehagen i tre dagar. Barnehagen fekk rapporten den fjerde dagen. I førekant og undervegs førebudde vurderarane informasjon, metodar, verkty og informerte og oppsummerte. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og innebar ei avgrensing av vurderinga.

Vedlegg 3 - Tidsplan

TIDSPLAN - prosessen før vurderingsveka i Sekse barnehage

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
Juni 2011		Telefonkontakt med barnehagen som skal ha vurdering: Informasjon til barnehagen via e-post om ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: <ol style="list-style-type: none"> 1. om ståstadsanalysen (set av 1mnd. til arb.) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan med oversikt over prosessen før vurderingsveka 	Vurderarane
Aug.-sept.		Barnehagen arbeider med ståstadsanalysen og vel vurderingsområde	Styrrar
Veke 36		Send: ståstadsanalyse, vurderingstema og dokument til vurderarane	Styrrar
Veke 39		Laga glansbilde Send glansbilde til barnehagen v/styrrar, og nærare tidsplan før og under vurderingsveka	Vurderarane
Veke 40, seinast fredag på e-post		Styrrar drøftar glansbildeframlegget med personalgruppa, og returnerar innspel, kommentarar eller gir ei godkjenning av glansbildet. Eventuelle innspel til tidsplanane.	Styrrar
veke 41-42:		<ul style="list-style-type: none"> ▪ Endeleg glansbilete. ▪ Innkalling til foreldremøte ▪ Presentasjon med bilete av vurderarane til borna/personalet ▪ Info til barnehagen korleis dei skal førebu borna på intervju Senda dette til barnehagen Laga: <ul style="list-style-type: none"> ▪ intervjuguidar ▪ eventuelt justera tidsplan for vurderingsveka ▪ rapport-mal, intern og ekstern ▪ laga mal for Power Point presentasjon av rapport 	Vurderarane
Veke 42		Senda ut innkalling foreldremøte og personalmøte Informasjon til vurderarane: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Korte fakta om barnehagen som skal inn i vurderingsrapporten (skriftleg) ▪ Foto av barnehagen til rapporten si framside 	Styrrar
veke 43		<ul style="list-style-type: none"> ▪ Førebu barnegruppene på ekstern vurdering og intervju. ▪ Setja av tid og rom til det som skal skje i vurderingsveka. Rom til intervju av born og personale. Rom der vurderarane kan arbeida medan dei er i barnehagen. 	Styrrar
Måndag 31.okt.		Vurderarane kjem til barnehagen	

Vedlegg 4 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, henta vurderarane inn data frå fleire kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukka ut. Me valde å møta og intervju 5- og 4-åringar, ha møte med føresette i barnehagen og heile personalgruppa samla; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det vart også teke observasjonar av born og personale i leik, aktivitet og samspel.

For å styrka kvaliteten på dei data me fann, nytta me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tok vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: observasjon, intervju, samtale, og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, månadsplanar, vekeplanar, møteplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage 2011, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

Førebuing av barna

For å førebu barna på det som skulle skje sende vurderarane ein presentasjon av seg sjølve til barnehagen før vurderinga, og informasjon til barnehagen om korleis dei skulle førebu borna på intervju.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga vart alle foreldra/føresette inviterte til eit møte i barnehagen måndag kveld.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Styrar fekk daglege rapportar om status i vurderingsarbeidet.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute.

Vedlegg 5 – Dette sa barna

Tema: Personalet syner respekt for borna sin leik og er aktive i lag med dei

Kriterium 1:

Alle borna får gode erfaringar og ei oppleving av å meistre samspelet med andre born i leik

Teikn:

- ❖ *Borna får bruke fantasien og kreativiteten sin og får oppleve skaparglede*

Spørsmål:

- Kva er å fantasera. Fortel
- Fortel meg om når du fantaserar
 - Gjer du det i barnehagen
- Korleis har du det når du lagar noko i barnehagen, teikna, mala lima, snekra,

Teikn:

- ❖ *Barna får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar i nærmiljøet (Rammeplan s.32)*

Spørsmål:

- De går ofte på tur her i barnehagen. Fortel
- Kvar går de? Kva gjer de der? Gjer du noko liknande i barnehagen - kva då
- Hender det at de oppdagar noko, lærer noko, tek noko med tilbake til barnehagen...

Stikkord turar i nærmiljøet:

Kvednaflåten, grisane til Hans Magnus, sauene og garden til Grete, forsøkgarden- eplasaft- kyrkjeklokker, litteratursymp.- tur til Opedal skule

Teikn:

- ❖ *Leiken skapar god samhandling mellom born og personale, og mellom borna*

Spørsmål:

- Kva er å leika?
- Kva likar du best å gjera i barnehagen
- Når du leikar, kva likar du best, då?
- Er det noko anna du har lyst å leika med, som du ikkje leikar med i barnehagen?
- Korleis har du det når du leikar med dei andre borna
- Korleis har du det når dei vaksne er med og leikar
- Kven bestemmer når dei vaksne er med i leiken?
- Når dei er med å leikar; korleis trur du dei har det då
- Om det er noko du syns er vanskeleg når du leikar, kva gjer dei vaksne då
- Fortel kva du gjer for å få leika med dei andre ungane
- Fortel kva du gjer om nokon vil leika med deg
- Fortel kva du gjer om du ikkje får til å leika med nokon
- Fortel kva dei vaksne gjer då
- Kven bestemmer om du kan leika eller gjera noko anna
- Kva bestemmer ungane?

Vedlegg 6 – Dette sa føresette

Tema: Personalet syner respekt for borna sin leik og er aktive i lag med dei

Set opp punkt de meiner barnehagen er god til:
Set opp punkt de meiner barnehagen kan verta betre på:
Set opp punkt som foreldra kan verta betre til:
Kriterium 3: Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ta vare på barna sine behov for omsorg og leik
Teikn: ❖ <i>Føresette opplever at personalet er aktive saman med borna i leiken</i> Dette sa foreldra:
Teikn: ❖ <i>Det fysiske miljøet innbyr til leik og meningsfylte opplevingar og aktivitetar</i> Dette sa foreldra:
Teikn: ❖ <i>Barn som ikkje deltek i leik får hjelp og oppfølging til å meistra samspelet</i> Dette sa foreldra:
Teikn: ❖ <i>Borna sin leik og utvikling er tema i samtalar mellom barnehage og heim</i> Dette sa foreldra:

Vedlegg 7 – Dette sa dei tilsette

Tema: Personalet syner respekt for borna sin leik og er aktive i lag med dei

Kriterium 1: Alle borna får gode erfaringar og ei oppleving av å meistre samspelet med andre born i leik
Teikn: ❖ <i>Borna får bruke fantasien og kreativiteten sin og får oppleve skaparglede</i> Dette sa dei tilsette: ■
Teikn: ❖ <i>Barna får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar i nærmiljøet (Rammeplan s.32)</i> Dette sa dei tilsette: ■
Teikn: ❖ <i>Leiken skapar god samhandling mellom born og personale, og mellom borna</i> Dette sa dei tilsette: ■
Kriterium 2: Personalet møter borna på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru
Teikn: ❖ <i>Personalet gjev tid og rom for leik</i> Dette sa dei tilsette: ■
Teikn: ❖ <i>Personalet deltek aktivt i leiken</i> Dette sa dei tilsette: ■
Teikn: ❖ <i>Personalet støttar, inspirerar og oppmuntrar borna i leiken</i> Dette sa dei tilsette: ■
Kriterium 3: Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ta vare på barna sine behov for omsorg og leik
Teikn: ❖ <i>Føresette opplever at personalet er aktive saman med borna i leiken</i> Dette sa dei tilsette: ■
Teikn: ❖ <i>Det fysiske miljøet innbyr til leik og meningsfylte opplevingar og aktivitetar</i> Dette sa dei tilsette: ■

Teikn:

- ❖ *Barn som ikkje deltek i leik får hjelp og oppfølging til å meistra samspelet*

Dette sa dei tilsette:

▪

Teikn:

- ❖ *Borna sin leik og utvikling er tema i samtalar mellom barnehage og heim*

Dette sa dei tilsette:

▪

Kriterium 4:

Barnehagen er ein lærande organisasjon

Teikn:

- ❖ *Personalet har kunnskap om utvikling og læring som skjer gjennom ulike former for leik*

Dette sa dei tilsette:

▪

Teikn:

- ❖ *Personalet reflekterer systematisk over egne verdier og haldningar i høve borna sin leik*

Dette sa dei tilsette:

▪

Teikn:

- ❖ *Personalet og borna sine opplevingar og erfaringar i høve leiken syner att i planlegging, gjennomføring og vurdering*

Dette sa dei tilsette:

▪